



Kyrkjeblad

for Vestre Slidre

Lomiskyrkja

Liti o brun so trygt ho står
mæ stupule attåt so tenar.
Klukkudn ring i snart tusen år,
o ingjin stan låte dei venar.

DIKT: OLA TEIGSTOLEN
FOTO: OLA DØHL



Lomiskyrkja

Liti o brun so trygt ho står
mæ stupule attåt so tenar.
Klukkudn ring i snart tusen år,
o ingjin stan låte dei venar.

Krøssadn stytte, tå måla tre,
stå tette so trjøn i hallo,
lyse før dei so læsa Guds fre
o peike på dau'n før allo.

Der ligg 'n far o der ligg ho mor,
der liggi bror o syste.
Men kgyrkjegar'n æ inkji stor,
so grava dei upp att dei fyste.

Stig du inn, tak huva di tå!
Gå stilt på dei gamle plankol
Hugs på far din o mor di då,
dei sto der i sino tanko.

Der vart dei døyfte o vigde mæ,
o stilt dei Fadervår mulla.
Uttafør vegge lagdist dei ne
o attåt dei are se krulla.

Dei klukkudn gjeva slik underle
klang ner væle blir tung å bera.
Ner skrøtfen bli tung o tie lang,
hjá Gud æ dæ best å væra.

FORFATTER: OLA TEIGSTOLEN

Gud i det vesle barnet

***”Ver ikkje redde! Sjå, eg kjem til dykk med
bod om ei stor glede, ei glede for heile folket:
I dag er det fødd dykk ein frelsar i Davids by.
Han er Messias, Herren.” Luk 2:10-11.***

Kva er det som skjer? Gjetarane sit der i den kalde, mørke natta og vakar over flokken sin. Med eitt lyser himmelen opp og ein engel står framfor dei, med overjordisk glans. Herrens herlegdom omkransar engelen og gjer orda hans om til ei uimotståeleg kraft. Han talar med ei mynde som ingen vil sette spørjeteikn ved. Brått er engelen og gjetarane også omgjevne av ein himmelsk hærske som sluttar seg til medan dei syng ein himmelsk song: ”Ære vere Gud i det høgste, og fred på jorda blant menneske som Gud har glede i!” I eit lite augeblikk er heile himmelen på jorda. Så forlét englane dei, den overjordiske glansen og Guds herlegdom blir borte, og natta blir kald og mørk att.

Men noko av den himmelske gleda blir verande att i dei. Englane hadde skapt ei forventning dei ville halde fast ved. *”Lat oss gå inn til Betlehem og sjå dette som har hendt, det som Herren har kunngjort for oss.”* Med egne auge ville dei sjå det englane hadde bore bod om.

Dei blir ikkje berre ståande og stire mot himmelen slik læresveinane gjorde det den dagen då Jesus vart teken opp til himmelen. Dei bed ikkje englane om å koma attende og halda dei med selskap. Dei drøymmer seg ikkje bort i det himmelske koret. Nei, dei skundar seg av garde, akkurat slik Maria skunda seg til Elisabet etter at engelen hadde kome til henne. Gjetarane legg himmelopplevinga bak seg og vender seg mot det teiknet dei har fått.

Teiknet finn dei i stallen. Det er ikkje noko merkverdig med barnet. Ingen glans av herlegdom. Barnet strålar ikkje ut lys. Ingen englar. Nei, barnet strekk ut dei små armane sine, og ser kan hende mot gjetarane. Her i stallen finn dei eit helt vanleg nyfødd barn. Heller ikkje krubba vitnar om noko guddommeleg. Alt er så enkelt og kvardagsleg som mogleg. I kyrkja si historie, har det skjedd mange under og mirakel, men

når det utrulege hender, at Gud blir menneske, så skjer det i all enkelheit, utan oppsiktsvekkjande fenomen. Her treng ein ikkje noko ytterlegare under. Det at Gud no er blitt menneske, er sjølve underet, eit under så stort og utruleg at sjølv ikkje æva strekk til for at vi skal skjøne det. Men for Gud er alt så innlysande, så naturleg, at han ikkje har noko behov for å gjere noko vesen ut av det. Han kjem til verda, nett slik kvart eit lite menneskebarn gjer det.

Evangelistane gjev oss ikkje noko inntrykk av at gjetarane blei vonbrotne. Kontrasten mellom det himmelske synet ute på marka og det dei no får sjå i den vesle stallen, er enorm.

Det som har funne stad verkar både enkelt, lite, svakt, makteslaust og avhengig på overflata. Det ser ikkje ut til å vere nokon som helst relasjon mellom det himmelske koret og dette vesle sårbare barnet i krubba. Men likevel: Dette var teiknet, og teiknet stemde. Når Gud kom til verda, når han blir synleg for oss menneske, så var teiknet eit lite barn i ei krubbe. Det er det aller minste som får vere teiknet på det aller største. Gjetarane er slett ikkje vonbrotne. Lukas fortel at *"dei lova og prisa Gud for alt dei hadde høyrte og sett; alt var slik som det var sagt dei."* Desse fattige gjetargutane utan utdanning står nærare Gud enn dei vise og forstandige. Når dei såg at teiknet stemde, var dei nøgde. Dei kjende att Messias i det vesle barnet.

Det er ikkje vanskeleg å forstå kvifor gjetarane er dei fyrste som Gud viser seg for. For gjetarane er vegen til krubba kort. For dei rike vismennene frå Austerland som blant anna dreiv med stjernetyding, var vegen derimot lang, og når dei endeleg kjem fram, har mykje

allereie gått føre seg. Barnet ligg sannsynlegvis ikkje lenger i krubba. For dei rike er vegen alltid lengre enn for dei fattige. Det finst så mykje som gjer vegen vanskeleg. Først må dei klatre over rikdomen sin. Men også over all lærdomen og kunnskapen, meritane sine og alle ferdigskrudde idear dei har om Gud. Dei små og fattige er på eit vis naboar med Gud. Dei kjenner seg heime hos Gud, og Gud kjenne seg heime hos dei.

For å finne barnet og kjenne att Gud, må vi alle på kvart vårt vis gå ein tilsvarande veg. Så lenge vi held fast på alle dei kreftene som støtter opp om vår eigen stoltheit, rikdom, eller oppfatninga av kor fortreftelege vi er, kan vi ikkje rekne med å finne barnet i krubba, som er Gud. For berre eit barn kan forstå eit barn.

Er det ikkje ein tankevekkjar at vi som er så små vil gjere oss store, når Gud som er så stor, vil gjere seg så liten for vår skuld? Er det ikkje underleg at vi gjer alt som står i vår makt for å halde fast ved all vår kunnskap, makt, ære og rikdom, når Gud viser oss kjærleikens dårskap? Er vi barn nok til å forstå noko av dette barnet i krubba? Er vi små nok, fattige nok eller svake nok til å bøya kne framfor krubba og tilbe vår Gud i dette vesle barnet? Er vi enkle og opne nok til å ta imot det svake og makteslause vesle barnet og finne glede vår i han?

Berre om vi er viljuge til å gå same veg som han, berre dersom vi vil avkle oss vår eigen sjølvgodheit og stordom og verte som barn igjen, høyrer vi til dei utvalde som han har lova si julefred. For Gud er meir i det vesle barnet enn han er i den himmelske englesongen, for han *er* det vesle barnet.

KVA JULEPYNTEN FORTEL OSS

Vi skal ta ein kikk på nokre av tinga vi gjerne pyntar med til julehøgtida. Den tradisjonelle julepynten inneheld symbolikk ein kanskje ikkje tenkjer like nøye over i julestrida. Ofte er han kjøpt eller laga fordi vi synest om venleiken, hygga og julestemninga som fylgjer med, men han representerer og ulike delar av den kristne bodskapen knytt saman med folkeleg tenkjemåte. Her skal vi ta for oss nokre av dei vanlegaste gjenstandane, og mest om det vi hengjer i juletreet. Kjelder: alleminedager.blogspot, msl.no/julesymbolikk og J. Ursin: Kristen symbolikk 1965.



JULEKRANSEN på ytterdøra: Den runde forma symboliserer det evige livet. Dei raude pyntebanda uttrykkjer fest og glede ved Jesu fødsel.



JULEKRUBBA femner heile juleevangeliet åleine. Det var munken Franz av Assisi som sette opp den fyrste julekrubba utanfor kyrkja si i Italia året 1224.

Vår fredsfyrste høgt vere lova

«Løysing og lukka», «kåra og krynd», «såraste suter». Dette kan knapt vere noko å synge i 2017? Salmen «No koma Guds englar med helsing i sky» er ei oppvisning i korleis språket endrar seg i løpet av 150 år. Men midt mellom Elias Blix' nesten tallause bokstavrim, særeigne nynorskuttrykk og presensformer vi ikkje har sett på denne sida av år 1900, finn vi ei vakker utgåve av julebodskapen tilpassa norske vinterforhold.

Vi syng nok ikkje denne salmen så ofte lenger, sjølv om han tidlegare har vore ein sentral nynorsk julesalme. Og det er synd, for hadde vi take oss tid å forsere språklege barrierer, så hadde vi funne tematikk som framleis kan tale til hjarta på oss nordbuarar, tonesett av den fyrste norske folkemelodien som kom inn i ei offisiell salmebok.

No koma Guds englar med helsing i sky.
Guds fred og velsigning dei bjoda.
No stig ifrå jordi ein helgasong ny,
som skal gjennom himmelen ljoda:
Guds fred og vel møtt,
du barn som er født!
Vår fredsfyrste høgt vere lova.



Til frelsa den fyrste er kåra og krynd
og komen til løysing og lukka
for menneskeborn som er fødde i synd
og alt uti vogga må sukka.
Guds fred med dei små
som honom fekk sjå!
Vår fredsfyrste høgt vere lova!

I djupaste mørker vart himmelen klår,
då stjerna av Jakob seg viste.
I hardaste vinter det grønkar som vår,
og fagraste knupp spring av kviste.
Guds fred og god jol
med sumar og sol!
Vår fredsfyrste høgt vere lova!



Der ute er jordi så isende kald
og trei stend svarte i skogen.
Men Isai stuv, som til frelsa er vald,
skyt livskvisten fager og mogen.
Guds fred med den tein
av grønkande grein!
Vår fredsfyrste høgt vere lova!

No stjerna frå Betlehem lyser om land
frå høgsal til armaste hytta.
Det ljosnar så vent over dalar og strand
der inn hennar strålar få glytta.
Guds fred over mold!
Vår sol og vårt skjold,
Vår fredsfyrste høgt vere lova!



No ljodar ein lovsong frå alle Guds born,
på alle folks tunger dei kveda.
Så vide som klokkene tima frå tårn,
stig tonar av hugnad og gleda.
Alt kling som i kor:
Guds fred over jord!
Vår fredsfyrste høgt vere lova!



Lat gjetordet ganga frå grend og til grend,
så vide som tunga kan mæla,
om Sonen som er oss frå himmelen send
all verdi til siger og sæla!
Syng ut i kvar bygd:
Guds fred ifrå høgð!
Vår fredsfyrste høgt vere lova!

Den freden meg fylgje frå vogga til grav,
meg hugge i såraste suter!
Så seier eg når eg frå verdi fer av
og døyande hovudet luter:
Guds fred og farvel!
No sovnar eg sæl.
Vår fredsfyrste høgt vere lova!

Fred – I salmen omtalar Blix Jesus som *fredsfyrste* – faktisk i kvar einaste strofe. Då Blix gav ut salmen fyrste gong, i 1870, kallar han salmen berre «Fred». Uttrykket fredsfyrste er ikkje noko Blix har funne på, men eit sitat frå profeten *Jesaja*, der den kommande Messias blir kalla «Underfull rådgjevar, Veldig Gud, Evig Far, Fredsfyrste.» Salmen held altså fram Jesus som den som skal kome med fred til jorda, noko vi får høyre om i englesongen i strofe 1: «Guds fred og velsigning dei bjoda» og fredsånsket som går att i kvar einaste strofe: Ein bed om fred over heile verda – over dei små og over både mold og jord. Ønsket om fred har nok ikkje vorte mindre aktuelt sidan 1870.

Mørke og lys – Vi veit godt at vi feirar jul på den mørkaste tida av året, på same tid som dei norrøne forfedrane våre feira at sola snudde. Når det er mørkt, lengtar vi etter lyset – og dette spelar Blix på i salmen.

I den tredje strofa skriv han om korleis «stjerna av Jakob» viste seg for 2000 år sidan, «i djupaste mørket». Dette spelar sjølv sagt på forteljinga om Bethlehemsstjerna, men «stjerna av Jakob» er også ein metafor for Jesus. Han er lyset som blir tent i mørket, slik det står i teksten som vi les 1. juledag: «Lyset skin i mørkret, og mørkret har ikkje overvunne det.» I strofe 5 ser vi korleis Blix slår fast at dette lyset no lyser over eit typisk norsk landskap, «frå høgsal til armaste hytta» og «over dalar og strand».

Vinter og vår – Med dei snøforholda som har vore dei siste åra, har vi verkeleg kunne sanne at «Der ute er jordi så isende kald» i tida rundt jul. Bakken er kald, hard og livlaus. Blix brukar denne livserfaring også, og han fastheld underet, at i nett denne tida er det «fagraste knupp spring av kviste» og at «Isai stuv som til frelsa er vald, skyt livskvisten fager og mogen.» Det siste uttrykket har han også henta frå profeten *Jesaja* sine messiasprofetiar, der han forkynner at «Ein kvist skal skyta opp frå Isais stubbe, og eit skot skal spira fram frå hans røter.» Kort fortalt handlar dette om at det skal koma ein etterkommar av kong David som skal frelse Israel. Dette biletet plasserer Blix rett inn i det norske vinterlandskapet, og han held hardt fast på at midt på den kalde vinteren kan vi feire «god jøl med sumar og sol.»

Glede og song – I møte med bodskapen om fredsfyrste, om lyset som vert tent i mørkret og plantene som spirer fram midt på vinteren, må mennesket berre glede seg. Dei må la «gjetordet ganga frå grend og til grend», bodskapen om «Sonen som er oss frå himmelen send» må bli spreidd «så vide som tunga kan

mæla». Og menneskets reaksjon må bli ein verdsvid «lovsong frå alle Guds born», eit ekko av englesongen på Bethlehemsmarkene om «Guds fred over jord!»

Vår fredsfyrste høgt vere lova! – I den siste strofa vender Blix blikket ut over jula, han blir personleg og dreg inn heile menneskelivet. Den freden som har vore med i kvar einaste strofe i salmen, skal få preget livet, frå vogge til liv. Mennesket, «som er fødte i synd og alt uti vogga må sukka» får fred fordi «Til frelsa den fyrste er kåra og krynd og komen til løysing og lukka.» Den andre strofa får fram at julebodskapen fyrst og fremst handlar om mennesket si frelse, og når gjetordet når mennesket, finn det indre fred. Den freden ber mennesket gjennom heile livet, og slik den gamle Simeon såg det åtte dagar gamle barnet i tempelet, og dermed kunne døy i trygg vissheit om Guds frelse, kan eg-personen i den siste strofa kunngjere at han i møte med døden kan sovne trygt inn med eit «Vår fredsfyrste høgt vere lova!» på leppene.

Syng ut i kvar bygd – Salmen handlar altså om julebodskapen – om Sonen som er komen til jorda for å frelse mennesket og om englane som sang over Betlehemsmarkene medan stjerna lyste. Men salmen byggjer bru mellom 2500 år gamle profetiar hos *Jesaja* og norsk vinterlandskap – som eit under bryt mørkret og livet gjennom i det kalde og livlause norske vinterklimaet. Og han insisterer nesten trassig på at julebodskapen handlar om fred. Vi lengtar framleis etter både sumar, sol og fred. Salmen fortener ein ny sjanse – så denne jula kan du få syngje han fyrste juledag i Slidredomen.

ARE ALUND

KVA JULEPYNTEN FORTEL OSS



JULETREET sjølv står for det eviggrøne, livsens tre i Paradiset, og trekantforma på treet speglar treininga.

JULETREFOTEN var tradisjonelt forma som ein kross og minner oss difor om krossfestinga.



STJERNA i toppen er sjølv Bethlehemsstjerna som synte vegen for dei tre vise menn.

GLITTERET symboliserer stjernestråler, som gåve frå Gud til dei fattige. Etter tradisjonen skal glitteret hengje frå toppen – ut frå stjerna – og loddbeint ned.

ENGLANE var dei fyrste som forkynte julebodskapen for hyrdingane ute på markene. Protestantane brukte i si tid juleengelen som alternativ til St. Nicolaus (han var katolikk). Englane var kledde i kvitt, farga som står for uskuld, det reine, lys og glede.



Trio Mediaeval gjesta kyrkjekonferansen

7. og 8. september skipa Valdresmusea, Riksantikvaren og Norsk institutt for kulturminneforskning til ein konferanse om mellomalderkyrkjene i Noreg. Bakgrunnen var eit ynske om å rette merksemda mot forskingsfeltet (eller fråværet av slik forskning) omkring denne delen av kulturarven. Det var òg eit ynske om å knyte sterkare band mellom forskingsfeltet og forvaltingsapparatet, og sist men ikkje minst, formidlingsarbeidet som i mange tilfelle kviler på eigarane. Heilt tilfeldig var det ikkje at konferansen vart lagt til Valdres. Med ni kyrkjer frå mellomalderen og gode fasilitetar ved Valdres Folkemuseum låg alt til rette for ei brei og inspirerende fagsamling.

Det var eit tett program dei to dagane, og som råka heile verdikjeda innfor feltet; frå kunnskapsutvikling i forskingsinstitusjonane, til bevaringsproblematikk i forvaltinga, og sist, den daglege bruken i kyrkjene. Vi fekk innblikk i fleire prosjekt ved Nidarosdomens restaureringsarbeid ved nestor i norsk mellomalderhistorie, Øystein Ekroll, og vi fekk høyre om dei siste resultatane av den spennande utgravinga av Klemenskyrkja i Trondheim. Vi fekk òg høyre om bygningsarkeologiske og kunsthistoriske undersøkingar i Torpo stavkyrkje, og stortingspresident Olemic Thommesen sine tankar om etterslepet på vedlikehaldet av kyrkjene.



Gruppen Trio Mediaeval

Vi fekk ikkje minst høyre dei fremste innanfor sine fag snakke om kyrkje og mellomalder – og vi fekk høyre lyden av gamal tid.

I Slidredomen og Lomen stavkyrkje møtte vi dei fantastiske songarane i Trio Mediaeval, som er den fremste formidlaren av nordisk mellomaldermusikk, ikkje berre gjennom tolking av gammalt notemateriale, men også i skapinga av ny musikk, som i klangfarge og arrangement er inspirert av den tidlege musikken. Trio Mediaeval er ei prisvinnande songgruppe og vart i 2009 nominert til Grammy Awards for plata Folk Songs.

Under konferansen grov vi oss altså ikkje berre ned i kjelder og historiske dokument. Vi fekk kjenne på det historiske nærværet i og dei to kyrkjene presenterte songgruppa melodiar frå den siste plata, Rimur, men òg høgdepunkt frå gruppa sitt 20 år lange liv. Større nærheit til historie og musikk er det kanskje ikkje mogleg å tenkje seg. Så får teoriane og lesinga koma etterpå. Den fysiske nærheita set i alle fall i gang noko i ein, slik live-framføringar av god musikk leier ein vidare inn i gamle opptak og spennanden bøker.

Valdresmusea vil få takke Vestre Slidre kyrkjelege fellesråd for godt samarbeid om bruk og omvising i Slidredomen og Lomen stavkyrkje.

OLE AASTAD BRÅTEN



Jahn Børe Jahnsen

KVA JULEPYNTEN FORTEL OSS

DET NORSKE FLAGGET kom i bruk etter unionsoppløysinga frå Sverige i 1905. For mange fell det naturleg å knyte kristen symbolikk til dette nasjonale emblemet. Dei fyrste juletreflagga den gongen kom med bilete av kong Haakon, dronning Maud og vesle kronprins Olav godt plassert midt inni krossen. På biletet her ser vi kronprins Harald.



Sommarope i stavkyrkja 2017

Stavkyrkja har denne sommaren vore open frå 24.juni til 20.august med Inger Eli Vedøy Hemsing som omvisar. Vi hadde ein lengre artikkel om guiding i førre utgåva, men vi ville ha med litt no og. Då eg var i kontakt med Inger Eli, fortalde ho at besøkstalet var omtrent som i fjor. Ho sakna ei ordning der folk kunne betale sjølv om dei ikkje hadde kontantar. For norske kan Vipps vera eit alternativ, for utlendingar hjelper ikkje det og då er det einast kortlesar som er løysinga. Merking av parkeringsplassen var mangelfull hadde ho fått beskjed om, likeeins var det mange som sakna ein liten plass oppe ved kyrkja for dei som av ulike grunnar synest bakken er bratt å gå.

STAVKYRKJEHELG I VALDRES 18.-20.AUGUST

I sommar var det ei prøveordning med at alle stavkyrkjene i Valdres skulle ha opne kyrkjer ei langhelg samtidig. Det var dagane 18.–20. august med messe den siste dagen. Eg var så heldig å få vera kyrkjevert sundag. Messa vart også nytta til å markere 825 års jubileet for Lomen stavkyrkje.



Gunnar Hauge

Det opna med ein konsert av dei tre Garvik-systrene. Dei spelte vakkert og avslutta med 'Fjellrosa' av Sven Nyhus.

Så las Gunnar Hauge noko som far hans, Knut Hauge, hadde skrive, ein prolog og utdrag frå Ulvsætta. Han las også dikt av Marit Myhre, tanta si. Dei var henta frå diktsamlinga 'Kvardagen er min ven' og frå 'Kveldlandet'.

Til sist framførte Joan Homme diktet av amtskulemeister Gullik Teigstolen som er tonesatt av Anna Fuglesteg.



Marit, Maria Lill og Sigrid Garvik.

Berre det å få vera der og høyre alt dette var verd det å vera kyrkjevert den dagen.

Då eg gjekk rundt inne i kyrkja før gudstenesta og etter at ho var ferdig og såg alt arbeidet som var gjort for 825 år sia, blei eg audmjuk og imponert over kva det dei hadde fått til med dei enkle hjelpemidla dei hadde til rådvelde på den tida. Reidskapen dei brukte hadde dei gjerne laga sjølve, inkje hadde dei tegningar, så det var erfaring og eit dugelig handverk som låg bak.

Altertavla blei laga i 1780 åra av Knut Andersen Syfte frå Vang. Alterduken er av nyare dato og voven av Marit Anny Tvenge.

Eg vil anbefale alle vestreslidringar å gå og sjå alt dette vakre stavkyrkja har å by på.

Sommarope i Slidredomen 2017

Slidredomen var open for publikum onsdagar og laurdagar seks veker i juli-august denne sommaren.

Ingebjørg Moe engasjerte og organiserte kyrkjevakter frå Pensjonistlaget, Sanitetskvinnene og andre frivillige. Det vart ei hyggeleg, lærerik og interessant oppleving for oss som fekk vera vakter .

Kvar dag var det innom kring tjue besøkande frå fjern og nær: bygdefolk og hyttefolk, turistar frå inn og utland.

Den drygt 800 år gamle steinkyrkja er staseleg å sjå til der ho står høgt på vollen og skodar ut over Slidrefjorden og

bygda. Men folk uttrykte glede over at kyrkja var open slik at dei kunne få kome inn og sjå: dei høge bogane i kyrkje-rommet og vindauga i dei tjukke murane, den flotte altertavla utskoren og måla av lokale kunstnarar, takmåleria i koret frå 1200-talet, kyssekorset og labyrinten ved inngangen, våpenskjolda, døypefonten og kalken – for å nemne noko. Her er mangt som fortel historia om Slidredomen gjennom katolsk og protestantisk tid.

Det var fri inngang til kyrkja, men mange kjøpte kort, informasjonshefte og bøker eller ga ein slant som takk for at dei fekk gjeste den prektige Slidredomen.

Lomen stavkirke 825 år i 2017

Et lite jubileum, forbigått i stillhet, men verdt en omtale i kirkebladet. I 1992 var stavkirken 800 år, men det visste ingen. Hvordan vet vi dette nå? Jo, vi har fått en ny vitenskap, dendrokronologi eller årringsdatering.

Dette er en metode for absolutt datering av fellingsåret for tømmer. Metoden baserer seg på variasjoner i trærnes årringer, år for år gjennom historien. Årringene varierer i forhold til vekstforholdene de enkelte år. Man borer seg inn, henter ut en prøve, og måler tykkelsen på årringene i forhold til hverandre. Ved å arbeide seg bakover til stadig eldre tømmer har man kunnet bygge opp tabeller, såkalte *grunnkurver*. Dette er et møysommelig og tidkrevende arbeid.

En grunnkurve er kun gjeldende for et begrenset geografisk område, der en kan regne med at vekstforholdene er noenlunde ensartet.

En prøve fra et gammelt, men levende tre kan være utgangspunktet for en kurve. Det neste kan være en tømmerstokk fra et hus som ble oppført da det levende treet var ungt. Slik vil prøve etter prøve overlape hverandre og bringe kurven bakover i tid, stadig med en sikker datering.

Ved hjelp av dendrokronologi kan en datere bygninger og gjenstander av tre. En sammenligner da en prøve fra f.eks. tømmeret i en kirke med grunnkurven fra området. Om prøven fra kirken har en barkkant er det mulig å finne det eksakte fellingsåret for treet den er hentet fra. Om prøven er bearbeidet, høvlet eller økset, blir årstallet feil. Man vet imidlertid ikke når treet ble brukt som bygningsmateriale og får derfor kun en bakre datering for reisningen av bygningen.

Ola Storsletten har i sin avhandling «*Takene taler – Norske takstoler 1100 – 1350 klassifisering og opprinnelse*» fra 2002 omtalt Lomen stavkirke slik:

«*Tre av de dendrokronologiske prøvene lot seg datere. To prøver fra samme hjørnestav, som ble tatt nær barkkant, hadde 1192 som ytterste årring, mens en prøve fra en stav med bearbeidet ytterside hadde 1153 som ytterste årring.*» Den siste treprøven er altså fra en stokk som er bearbeidet, høvlet eller økset, og den kan ikke brukes til datering. De to første prøvene har barkkant, da får man med årringer helt til treet ble



hogd, og dermed har man en datering. Tømmeret til Lomen stavkirke er hogd i 1192.

Dette passer bra med det eldste myntfunn i Lomen stavkirke, datert til kong Sverre 1177 – 1202. Mynter som ble ofret eller mistet dukker gjerne opp under kirkegulvet.

Så kan man diskutere hvor lenge tømmeret må tørke før byggingen starter. Det er mange meninger om dette. Men man har valgt å gå ut fra fellingsåret når det gjelder kirkejubileer både i Valdres og andre steder. Hedalen stavkirke var 850 år i 2013 og Hegge stavkirke var 800 år i 2016, begge jubileer på grunnlag av dendrokronologisk datering.

Noen ganger blir jubileer feiret for tidlig og tilfeldig, fordi man ikke har kunnskap om dendrokronologien. Ulnes kirke var 750 år i 1995, mens årringsprøvene fra takkonstruksjonen er datert 1265. Man var altså 20 år for tidlig ute. Slidredomen var 800 år i 1987, mens årringsprøvene fra takkonstruksjonen er datert 1268. Stilmessig er Slidredomen fra ca. 1200 med langt slingringsmonn til begge sider. Var det en veldig lang byggetid eller en senere reparasjon av taket? Vi vet ikke. Om 1268 er det rette byggeåret eller året for avslutning av byggingen, er Slidredomen 750 år neste år? Et grubleseminar av fagfolk, slik man har hatt i mange middelalderkirker, kunne kanskje gitt noen svar.

Lomen stavkirke er 825 år i år, i 2017. Et beskjedent jubileum som fortjener omtale. Neste jubileumsfeiring blir i 2042.

JAHN BØRE JAHNSEN

Hausttakkefest og utdeling av 6-årsbok

Søndag 15.oktober møtte det opp mange forventningsfulle 6-åringar i Lomen kyrkje. Både far, mor og fleire besteforeldre var med.



Barna gjekk inn i prosesjon med haustens grøde.



Dei fekk utdelt 6-årsboka med helsing frå kyrkja.

«Lys våken» og utdeling av 4-årsbok

«Lys våken» vert arrangert i alle kyrkjer rundt om i landet på denne tida av året. Det handlar om å vere vaken for det som er rundt deg – for naturen og menneska.

I Vestre Slidre var 10- og 11-åringane inviterte til å

overnatte i Røn kyrkje frå laurdag 18. til søndag 19. november. Dei møtte opp med lommelykter i ei stummande mørk kyrkje og skulle finne refleksar med bibelvers. Etterpå var det lysandakt før salmebokstabling og andre morosame aktivitetar. Seint på kvelden åt dei taco og ingen la seg før midnatt.



Søndag var dei med å ringe i kyrkjeklokkene og tok del i gudstenesta med dans og bønner dei hadde skrive sjølv.



Barn frå søndagsskulen og «Lys våken» sang «Min båt er så liten».

Ny klokkar i Lomen

Samtale med Magnhild Skjel

Magnhild har vore klokkar i Røn og Øyar i 25 år, ho byrja der i 1992 - no har ho teke på seg å vere klokkar i Lomen og. «Det er berre du, mamma, som oppgraderer stillinga di når du er 80 år,» seier Marit, dottera til Magnhild.

Magnhild har aldri vore redd for å ta på seg oppgåver, og ho er ikkje den som sit stille. «Eldbjørg Wiknes var klokkar i Lomen, og då ho slutta, sa eg at eg kunne ta den jobben og – det var jo ikkje så mange til å overta, det er jo ikkje store stillinga,» seier ho.

«Vi er heldige som har klokkar i kyrkjene våre – det er det ikkje alle kyrkjer som har sett seg råd. Men også hos oss er det slutt på å bruke klokkar i gravferder, og det synest eg er synd – eg saknar den biten.»

Magnhild synest det er meiningsfullt å vere med i gudsstenesten og få lese tekstene for dagen. «Dei grip meg,»



seier ho. Det merkar dei som høyrer på – det er godt å høyre Magnhild lese - teksten blir framført så inderleg, men likevel så naturleg og utan å bli sentimental eller overdramatisert.

På Tweencamp har Magnhild også vore engasjert med å lese for deltakarane, og fortel at ho har hatt mange fine stunder med dei unge på campen, og at det ho likar aller best er å fortelje historiene.

Litteraturen betyr mykje for Magnhild – ho har alltid lese mykje sjølv. På spørsmål om kva ho hugsar best fortel ho at ho har lese Knut Hauge sine romanar mange gonger, og ho tenkjer alltid på møtet mellom presten Silver Svale og faster Gabrielle og Haldor Lende og Audun Rust i «Kross og kvitsymre», når ho kjører over Tonsåsen. «Nynorsk fell best for meg, i alle fall i poesien,» seier ho. Ho treng ikkje lang tid på å kome på dikt ho likar spesielt godt: «Det må bli «I bronse og gull» av Synnøve Riste og «Den vare fuglen» av Marit Myhre,» seier ho.

Magnhild begynte som lærar i Slidre i 1975, men hadde før det vore lærar på folkehøgskulen i Gvarv i fleire år. Så då ho gjekk av med pensjon i 2003, hadde ho jobba i skulen i over 40 år.

Ho utdanna seg spesielt i faga forming, gym og KRL – tok m.a. eit år forming i København, og hugsar godt kva ein av lærarane der sa til ho: «De frøken Hirth Nesheim er det mest utålmodige menneske jeg har møtt.» «Nei, to ting kan e kje skryte på meg – det er lange bein og tålmodighet,» ler ho. Ikkje noko å seie korkje på sjølvironien eller humøret der i garden.

På spørsmål om kva som gjorde at ho vart klokkar i tillegg svarar ho: «Eg var kyrkjegjengar då eg kom hit og følte eg måtte finne ein plass i samfunnet som ga meg det kyrkja kunne gi. Eg vart spurt om å vikariere i blant for Torbjørn Hamre, som var klokkar i Røn på den tida – og det førte til at eg tok over jobben då Torbjørn slutta. Eg likar å få oppgåver i kyrkja – det å ha ein plass å fylle, er veldig viktig for meg.» Det har blitt mange gudstenester og gravferder etter kvart for Magnhild – ho seier ho har skrivne opp alle.

Vi spør så korleis det er å arbeide i kyrkja og Magnhild fortel:

«Tysdagar er det møte for staben. Då startar vi med

morgonbøn i Slidredomen, det er så fint og gir ein veldig god start på dagen. Vi går så over til kyrkjekontoret, der vi fyrst har ei evaluering av det som har skjedd sidan sist, før vi planlegg neste veke og messe. Vi får alle vere med å påvirka, det er ganske spesielt, trur eg, og givande. Det er jo forskjellige meiningar i staben, men alle blir høyrte, og tekne omsyn til – eg synest t.d. Ola og Are utfyller kvarandre på ein veldig god måte, så det er heldigvis slik at ingen treng dundre på med sitt. Det gir meg så mykje at vi er saman om det som skjer. Og så har vi jo no fått to unge, spreke medarbeidarar, som kan vere med å seie sitt.

Det er stor oppslutning om kyrkja i Slidre, det viser dåp-
stala - 98 til 99% vert døypte her, i dei stor byane er det 50%. Og dei fleste vel også å la seg konfirmere – det er ikkje minst takka vere alt det flotte arbeidet som er lagt ned i konfirmanttida. Vi får gode tilbakemeldingar, og mange av konfirmantane blir ungdomsleiarar – og er med og hjelper til m.a. på Tweencamp og samlingar på hausten.

Eg må og rose konfirmantforeldra – dei er veldig flinke til å vere med og støtte opp i konfirmanttida.

Vi har to søndagsskular, ein i Lomen og ein i Røn, og elles foregår det mykje som er retta inn mot barn og ungdom. Ja, det er eit yrande liv, og eit driv heile tida – vi er jo ikkje mange. Men eg skulle ønske at fleire gjekk til kyrkja ein vanleg søndag utan noko ærend, sjølv om eg ser jo at det er stor konkurranse med alt anna som går føre seg.»

Magnhild kjem med eit lite sukk til slutt: «Eg kjenner nok at eg snart er for gammal, eg har fått litt for mange vondter etter kvart.» Vondter veit vi ho har hatt lenge, men Magnhild ber seg aldri ille – ho er rask i bevegelsene og ikkje minst i hodet, som ho alltid har vore. – så for gammal? Nei, det er ho slett ikkje.

Takk for samtalen, Magnhild og lykke til med jobben som klokkar.

I bronse og gull

Tuntreet
Spratt ikkje
det året.
Staren
kom ikkje att
til gamle reiret sitt.

Det var ikkje
eingong solskin
som før om vårane.
Berre ei sorgsam,
blå dimme
over garden.
Far var død.

Men åsvegen
må vel vera den same?
Der vil fjellvinden
kviskre
og myrdraget med
kvannestilk
gulne nedetter –
som før.

Her rusla han ofte, far.
Ved Stegahella
bruka han å kvile.
Tett ved
bekkesilderet.

Og der,
der ser eg
storkna i leira
som eit kunstverk
omriss etter for
Ei avstøyping
i bronse og gull.

Det er
merke etter
stega hans far
der han gjekk den
siste gongen.

Eg set
min eigen fot
varsamt i faret
og kjenner det
trygt.

SYNNØVE RISTE

Den våre fuglen

Gleda
er ein redd og vår
liten fugl
ska so lite til
før den lettar
og flyg sin veg.

Eit augekast
eit tankelaust
ord

Men den vonde
togna
er verst

Ei kosteleg gåve
er den vesle
fuglen
når den kjem og
slær seg ned.

Men den
er vår

MARIT MYHRE

«Vår Gud han er så fast ei borg» – Jubileumskonsert i Tingnes kyrkje

Kyrkja i Valdres inviterte til konsert søndag 29.oktober som ein del av 500-års jubileet for reformasjonen.

Martin Luther meinte kyrkjelyden skulle lovprise Gud med salmesong og han la grunnlaget for den store plassen kyrkjemusikken har fått i den protestantiske kyrkja.

Tittelen på konserten er ein kjend salme av Martin Luther, og all musikken som vart framført denne kvelden hadde Luther sine tekster som utgangspunkt. Musikken var av store komponistar som Bach, Mendelsohn og Buxtehude.

Kantorane Are Alund og Monika Korsli Solberg hadde teke på seg eit stort ansvar for å få i stand dette musikalske prosjektet. Resultatet var ein konsert der dei 150 tilhøyrarane fekk ei sjeldan flott oppleving med kor og solistar, strykarar og korpsmusikarar.

Koret var samansett av 40 songarar frå heile Valdres. Dei var godt førebudde etter mange, lange øvingskveldar og leverte song av imponerende høg kvalitet.



Are Alund leia kvelden

Store og små Valdresstrykarar sto for instrumentelle innslag og akkompagnement, og vi i Vestre Slidre kan vera svært stolte av å ha så mange dyktige, unge musikarar frå bygda vår.

Dei fire solistane var henta frå Norges Musikkhøgskole og dei medverka til fleire vakre høgdepunkt i konserten.

Are og Monika leidde songarar og musikarar med stødige hender og



saman med alle utøvarane kunne dei ta imot ståande applaus frå publikum.

Til slutt stemte koret og kyrkjelyden i «Vår Gud han er så fast ei borg»; ein verdig avslutning på ein konsert med Luther i fokus.

Foto: Silje V. Ulberg.



Gull- konfirmantar 2016

1. rad f.v.: Margit (Hagen) Lyngstad, Ingebjørg Haugene, Jorunn Bråten Tvenge, Torger Hålien

2. rad: Ove Hamre, Reidun (Steine) Buseth, Else Skåren, Gerd Reidun Westerheim, Dag Buhaug (prest)

3. rad: Olav Norheim, Harald Magnus Hande, Endre Haugrud

4. rad: Eivind Rudlang, Mads Wangensten, Eivind Haugene



Kyrkjekistene frå Moe



«Fordom Tid» må da bety 1534, det kan vise at Mo kyrkje var i bruk til reformasjonen. Kista var i forrige hundreåret på plassen Skogheim under Mo, seinare kom den til Hamre, og derifrå til Slidredomen i 1922.

I gamle inventarlistar frå kyrkjene i Valdres vert kyrkjekister ofte nemnde, men merkeleg nok vert det ikkje nemnd nokon slik kiste i Slidredomen. Det må ha vore ei kiste i Slidredomen i mellomalderen, men den er vorten borte.



I boka Slidredomen 800 år står det om kista som er plassert bakerst i Slidredomen:

Kyrkjekista kom til Slidredomen i 1922. Den har i mellomalderen stått i Mo kyrkje på vestsida av Slidrefjorden. Slike kister vart brukte til å oppbevare både det kostbare alterutstyret, messekledda, bøkene, kyrkjekassa, reknskap, dokument og i periodar også tienden og andre avgifter til kyrkja. Kyrkjekistene hadde ofte kraftige jernbeslag, og var gjerne forsynte med fleire lås eller sikringar.

På kista i Slidredomen er det i kvar ende lenker med store jernringar, og det er antyda at ein har brukt desse til å henge opp kista, kanskje for at ikkje mus og andre gnagarar skulle kome inn i henne. Kista har eit svakt runda lokk som kan tyde på at ho er frå mellomalderen.

Kista er rosemåla og har innskrifta «Dene Kiste Har Været i Moes Chierke i Fordom Tid. H.O.S.M. 1534».

Det er neppe tvil om at rosemålinga og innskrifta er kome til på 1700-talet, og helst trur ein at også her er Ole Hermundson Berge kunstnaren. H.O.S.M. skal truleg bety Haldor Olsen Moe, det var bonden på Moe 1788 – 1830.

På brukartorget på Slidretun finn vi ei kiste, som ein også meiner har vore i Moe kyrkje.

Kista er mykje enklare, trekvit, boga lokk og kraftige jernbeslag, tre jernband og kraftige bærerigar i kvar ende. På dei tre jernbanda på forsida står, om det er rett tyda, årstalet 1370 (13 på venstre bandet, 70 på høgre) og MOJ eller MOOJ på midtre bandet. Dette kan vera ein gamal skrivemåte for Mo. Mo kyrkje vart truleg bygd om lag 1215 eller noko seinare, så i 1370 var kyrkja i bruk.

Du kan lese meir om kista på Slidretun – det ligg ei brosjyre på lokket.

Gullkonfirmantar 2017

Rekke 1: Fra venstre: Astrid Olga Kvale Bråten, Ingrid Wangensten Telle, Jorunn Moe, Ingebjørg Skrindsrud Jonsrud, Anny Stølen Melaas, Kari Synnøve Moe Paulsen Nevland,

Rekke 2: Fra venstre: Berit Ingrid Høyne, Gerd Aslaug Grefsrud Jakobsen, Marianne Lasskogen Hamre, Solveig Heia Solum, Elisabeth Robsahm Dahl, Tor Kristen Grindaker, Presten Ola,

Rekke 3: Fra vestre: Birger Einang, Jørgen Norheim, Kjell Otto Tvenge, Steinar Haugrud, Nils Olav Tilden,

Rekke 4: Fra venstre: Ola Magne Tvenge, Martin Ingar Sælid, Ola Ragnar Engevoold.



Julemarknad i prestegarden

Laurdag 2. desember opna Ola og Cecilie opp prestegarden og arrangerte ein magisk og uforglemmeleg julemarknad. Det har vore planlagt ei stund, og med Cecilies teft for organisering var det ikkje småtterier dei kunne by innbyggjarene på: Flott juleverkstad innandørs der ein kunne få lage dei vakraste julekort. I lavvoen kunne ein kjøpe pølse som ein grilla sjølv, poppe popcorn på grillen og ete nystekte lappar og kaffe. Solide bodar med duk over var snekra til marknaden – her kunne ein få kjøpt alt frå søtsaker og julebakst til strikka pledd og varme saueskinn. Flotte knivar og dreide bollar samt julekransar og julenek var og å få kjøpt. Smed Nils Olav Dokken viste smedkunstene sine og var med å skape ei hyggeleg førjulsstemning. Niklas Themte og Pia Alexandersen som driv med hundekøyring, hadde med seg flotte hundar og hundeslede, så dei som ville køyre ein tur i det flotte vinterveret kunne det! Juniorkoret og Musikklaget sang og spelte, og til jule-



Ein av salgsbodene med lokalproduisert kjøt



Tidleg krøkjast skal ein bli ein god krok



Prestegarden er ei nydeleg ramme rundt eit julemarked!

sangen 'Nå tennes tusen julelys' blei det flottaste treet i heile Valdres, med heile 3400 lys på, tent! Ramma rundt marknaden kunne ikkje vore betre, med snø, ein vakker prestegard og mange glade og entusiastiske folk som gleda seg i saman.

Vi takkar for at de igjen opnar opp heimen dykkar og er så uendeleg gjestfrie, Cecilie og Ola! Så håper vi inderleg at dette blir ein tradisjon, for dette ynskjer vi å få oppleve kvart år!



St. Nicholas hentet disse gåvene for å dele ut til born som treng dei



Sølvfurua er tent med 3400 lys

KYRKJA I VESTRE SLIDRE

Kyrkjekontoret er opent: måndag til torsdag kl. 09.00 – kl. 15.00

Kyrkjekontoret kan vere stengt i denne tida pga. møte, ferie og anna.

Sokneprest Ola Døhl. Tlf. 61345052 / 48132050 – E-post: slidrepresten@gmail.com

TILSETTE – Vestre Slidre kyrkjeleg fellestråd

Namn	Tlf.	Jobb
Veslemøy Kvamme	61345095 95868588	Kyrkjevevjerje
Are Alund	99734175	Kantor
Heidi Bergsbakken	61345098 91600644	Kantorfullmektig og trosopplærer
Magnhild Skjel	95821005	Klokkar i Røn, Øyjar og Lomen sokn
Trine Geicke Kolbjørnshus	41201165	Klokkar i Slidre sokn
Odd Kolbjørnshus	91754905	Kyrkjjetenar i Slidre sokn. Høgmesser/gudstenester
Safet Vladovic	99221198	Kyrkjjetenar i Røn, Øyjar og Lomen sokn Kyrkjjetenar i Slidre sokn ved gravferd og vigsel
		Ringjar i Slidre
		Reinhaldar i alle sokna
Jan Ole Bråten	91364677	Ringjar i Slidre
Nils Einar Ormestad	90178983	Tilsynshavar i Lomen stavkyrkje
Odd Jørgen Sørensen	91322796	Kom.valt repr. i Fellestrådet

KYRKJELEGE HANDLINGAR

august – november

Døypete	Slidre sokn:	27.08.2017 Tiril Myrvold Haugrud	
		17.09.2017 Elise Aastad Kjøs	
		17.09.2017 Luca Kjøs	
	Røn sokn:	01.10.2017 Bjørn Nymoen	
		01.10.2017 Sigri Olea Storhaug	
	Lomen sokn:	20.08.2017 Aksel Hauellen Viken (Lomen Stavkyrkje)	
Vigde	Slidre sokn:	16.09.2017 Benedicte Hanche-Olsen og Richard Martinsen Wold (Oslo)	
		30.09.2017 Elisabeth Olsen og Einar Johme	
Jordfesta	Slidre sokn:	29.09.2017 Torleiv T Hjelle	f.1936
		10.11.2017 Anne Reidun Kolstad	f.1957
	Røn sokn:	22.09.2017 Guro Myrvang	f.2003
		31.10.2017 Olav Tuvmarken	f.1933
	Lomen:	19.10.2017 Torbjørn Wold	f.1935

Det var Anne Grethe Melby Haugen, ikkje Hagen som vart gravlagt 01.08. Vi beklager.

Det var John O Hjelle som var gravfesta i Slidre sokn 04.08.2017, ved ein feil hadde vi skrive Ola i staden for John. Vi beklager.

VIPPS

Hugs at vi har VIPPS! Om du ikkje har med kontantar på ei gudsteneste og ynskjer å gje kollekt, kan du Vipps oss!

VIPPS-nr.:

Slidre sokn 109786,

Røn sokn 105863.

Lomen sokn 137884.

*Vi i redaksjonen vil ynskje alle
ei God og fredeleg julehøgtid og
eit Godt Nytt År!*

Med helsing
Are Alund, Sigrun Sørensen,
Elisabeth Robsam Dahl, Lisbet Vik
Per Olav Eide og Randi Øraker Horge



Vil du støtte kyrkjebladet?

Kyrkjebladet blir drive på friviljug basis, og vi er avhengig av støtte frå lesarane. Vi er takksame for bidrag.

Kontonr vårt er: 2153.07.09296

Merk det gjerne med «Kyrkjeblad»

MESSELISTE frå 1.1.18 til 1.5.18

Dato	Stad	Kyrkjedag	Tid	Begivenhet	Prest
01.01.2018	Øyjar kapell	Nyttårsdag/Navndag	11.00		Sokneprest Ola Døhl
07.01.2018	Lomen kyrkje	2.s.i.Kr.åp	11.00	Heilage tre kongars dag	Sokneprest Ola Døhl
14.01.2018	Slidredomen	3.s.i.Kr.åp	11.00		Sokneprest Ola Døhl
21.01.2018	Røn kyrkje	4.s.i.Kr.åp	11.00		Sokneprest Ola Døhl
28.01.2018		Septuagesima		FRIHELG	
FEBRUAR					
04.02.2018	Lomen Kyrkje	Såmannsøndag	11.00		Sokneprest Ola Døhl
04.02.2018	Slidredomen	Såmannsøndag	19.30	Taizé	Sokneprest Ola Døhl
11.02.2018		Fastelavenssøndag		FRIHELG	
14.02.2018	Slidredomen	Askeonsdag	19.30		Sokneprest Ola Døhl
18.02.2018	Røn kyrkje	1.søndag i fasten	11.00		Sokneprest Ola Døhl
25.02.2018	Slidredomen	2.søndag i fasten	11.00		Sokneprest Ola Døhl
MARS					
04.03.2018		3. søndag i fasten		FRIHELG	
11.03.2018	Lomen kyrkje	4. søndag i fasten	11.00	Søndagskoleskirenn	Sokneprest Ola Døhl
18.03.2018	Røn kyrkje	5. søndag i fasten	11.00		Sokneprest Ola Døhl
25.03.2018	Lomen Kyrkje	Palmesøndag	11.00	Maria Bodskapsdag	Sokneprest Ola Døhl
29.03.2018	Vaset	Skjærtorsdag	12.00		Sokneprest Ola Døhl
30.03.2018	Slidredomen	Langfredag	19.30		Sokneprest Ola Døhl
31.03.2018	Slidredomen	Påskennatt	23.00		Sokneprest Ola Døhl
APRIL					
01.04.2018	Slidredomen	1. Påskedag	11.00		Sokneprest Ola Døhl
02.04.2018	Sjukeheimen	2. Påskedag	11.00		Sokneprest Ola Døhl
08.04.2018				FRIHELG	
15.04.2018	Røn kyrkje	3.s.i.påsketida	11.00		Sokneprest Ola Døhl
22.04.2018	Slidredomen	4.s.i.påsketida	11.00	Tårnagenthelg	Sokneprest Ola Døhl
29.04.2018	Lomen	5.s.i.påsketida	11.00		Sokneprest Ola Døhl
MAI					
01.05.2018	Røn kyrkje	Arbeiderenes dag	11.00		Sokneprest Ola Døhl

Vi tek atterhald om endringar i messeliste.

Sjå «Det skjer» i avisa Valdres og facebookside: Kyrkja i Vestre Slidre

LOFOSS FISK

Brødrene Snortheimsmoen ANS

Strømmen Maskin AS

